

DRIFTSVEDTEKTER
FOR
NAUSTDAL IDRETTSBARNEHAGE AS
ORG. NR. 996 963 527



1 EIGARFORHOLD

Naustdal Idrettsbarnehage AS (heretter nemnd "NIB") er ein privat barnehage og verksemda blir driven gjennom eit aksjeselskap, org.nr. 996 963 527. NIB er eigd 100 % av Idrettsbarnehage AS.

2 FORMÅL

NIB er ein idrettsbarnehage der vi vil at barna skal bli trygge på seg sjølve gjennom fokus på rørsleglede, sunt kosthald og gode haldningar. Barna skal bli glade i rørsle for rørsla si skuld, og dei skal få oppleve måltidet som eit fokus- og læringsområde. Idretten er for oss ein metode og eit middel for å oppnå eit pedagogisk mål.

NIB skal i samarbeid og forståing med heimen ivareta barna sin trong for omsorg og leik, og fremje læring som grunnlag for allsidig utvikling.

Barnehagen er livssynsnøytral, men skal byggje verksemda på grunnleggande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, åndsfridom, nestekjærleik, tilgiving, likeverd og solidaritet, verdiar som kjem til uttrykk i ulike religionar og livssyn og som er forankra i menneskerettane.

3 OPPTAK

3.1 Generelt

Opptak skjer gjennom samordna opptak i Naustdal kommune, jf. barnehagelova § 12. Søknad om barnehageplass i NIB skal sendast til kommunen. NIB tek imot søkjarliste, etter det lagar dagleg leiar i barnehagen ei innstilling i etter gjeldande regelverk og etter kriteria fastsette av NIB, sjå punkt 3.2 nedanfor.

Barn busette i Naustdal kommune på søknadstidspunktet skal prioriterast. Dersom NIB ikkje kan fylle plassane i barnehagen med barn busette i Naustdal kommune, kan barn busette i Førde og

Flora kommunar på søknadstidspunktet gis tilbud om plass. Det er ein føresetnad at desse barna har lovbestemt rett til barnehageplass, jf. barnehagelova § 12 bokstav a.

Vedtak om opptak skal gjerast så snart som mogleg etter at det er mottatt ei oppseiing og slik at ein plass i NIB blir ledig.

Dersom NIB ikkje kan tilby plass til alle som søker, skal prioriteringa skje etter den prioriteringsrekkefølge som kjem fram av punkt 3.2 nedanfor.

Barn som søker om 100 % plass vert prioritert før søkerar med redusert opphaldstid. Det er ikkje mogleg å få barnehageplass med lågare opphaldstid enn 60 %.

3.2 Prioriteringsrekkefølge

Søklar til barnehagen pliktar å gjere NIB merksam på om han ønskjer at ein av prioritetsreglane nedanfor skal vektleggast ved vurdering av søknaden. NIB skal varslast om dette innan 1. mars søknadsåret, slik at prioritetsreglen/-reglane kan takast omsyn til. Dette gjeld likevel ikkje prioritetsreglar som følgjer av gjeldande lovverk.

1. Nedsett funksjonsevne og vedtak i samsvar med barnevernlova

Barn med nedsett funksjonsevne, jf. barnehagelova § 13. Barn som det er fatta vedtak om etter lov om barneverntenester § 4-12, samt § 4-4 andre og fjerde ledd.

2. Lovfesta plass

Barn med lovfesta plass i barnehage, jf. barnehagelova § 12 bokstav a.

Prioriteringa for barn med lovfesta plass i barnehage, skal skje i samsvar med prioriteringa nedanfor.

2.1 Fast tilsettes barn

Personalet sine barn kan prioriterast dersom dette er nødvendig for å sikre rekruttering.

2.2 Søsken

Søsken av barn som alt har eller har hatt plass i barnehagen. Dersom det ikkje er tilstrekkeleg med plassar til alle søkerane som har søsken i NIB og prioritetsforholda elles er like, blir det loddtrekning av SU for tildeling av plass.

2.3 Samarbeidspartnarar

Barn av samarbeidspartnarar av NIB, etter eiga liste fastsett av Idrettsbarnehage AS.

2.4 Intern flytting

Barn som ønskjer å flytte mellom barnehagar i Idrettsbarnehage-konsernet.

3.3 Venteliste

SU skal trekke lodd om plass for barn på venteliste i NIB og som har NIB som 1. prioritet i søknaden sin til samordna opptak.

Deretter blir det loddtrekning for barn som står på venteliste for plass i NIB og som har barnehagen som 2. prioritet i søknaden sin til samordna opptak.

Deretter blir det loddtrekning for barn som står på venteliste for plass i NIB og som har barnehagen som 3. prioritet i søknaden sin til samordna opptak.

3.4 Avvik frå prioriteringsreglane

Barnehagen kan gjere avvik frå opptakskriteria dersom desse medfører skeiv fordeling av barn eller om det føreligg andre forhold som tilseier slik prioritering.

3.5 Tildeling av plass

Tildeling av plass skal skje skriftleg.

Ved aksept av plass vert det føresett at barnet sine foreldre/føresette har lese og godkjent NIB's driftsvedtekter.

3.6 Klage på opptak

For klagereglar i samband med opptak, viser vi til Forskrift om saksbehandlingsreglar ved opptak i barnehage. Klageorgan er Formannskapet i Naustdal kommune.

3.7 Opptaksperiode

Eit barnehageår blir rekna frå 1. august til 31. juli.

Startdato for plass tildelt i hovudopptaket vil vere i perioden 1.-31. august, nærare fastsett av NIB. Betaling vert kravd for heile oppstartmånaden. Ved opptak elles i året blir startdato fastsett i tilbods brevet.

Barn som får plass i NIB har fast plass fram til oppstartsdato for barneskulen (midten av august) det året barnet startar på skulen eller fram til plassen blir gyldig oppsagt.

3.8 Endring av opphaldstid

Søknad om endring av opphaldstid skal sendast til Naustdal kommune via elektronisk portal på nettet. Søknaden kan imøtekomast av dagleg leiar.

Søknad om reduksjon av opphaldstid blir sett på som oppseiing av delar av barnehageplassen og punkt 3.9 gjeld tilsvarande.

3.9 Oppseiing

Ein plass skal seiast opp skriftleg med to månaders varsel. Oppseiinga må sendast elektronisk via Naustdal kommunes elektroniske portal på nettet. Oppseiingstida blir rekna frå den 1. i påfølgjande månad rekna frå når oppseiinga blir motteken av NIB.

Det blir rekna full betaling i oppseiingstida. Dersom plassen blir overtatt av eit anna barn, som blir tilbode plass og som ønskjer å starte før tilboden plass, skal det ikkje krevjast betaling i oppseiingstida.

NIB har gjensidig oppseiingstid på 2 månader. Elles gjeld dei til eikvar tid gjeldande lovbestemte reglar om oppseiing, og skal ved motstrid ha forrang.

3.10 Permisjon

Dagleg leiar kan gi permisjon, men kan på fritt grunnlag nekte slik søknad om permisjon frå barnehagen.

4 LEIKE- OG OPPHALDSAREAL

NIB har godkjent netto leike- og opphaldsareal etter gjeldande lovregulering. Tal på barn i NIB skal likevel vurderast konkret opp mot tilgjengeleg leike- og opphaldsareal ved kvart opptak.

NIB skal følgje den til eikvar tid gjeldande lovgiving om krav til leike- og opphaldsareal.

5 BARNEHAGENS ORGAN

For å sikre samarbeidet med heimane til barna har NIB eit foreldreråd og eit samarbeidsutval.

Foreldrerådet består av foreldra/dei føresette til alle barna og skal fremje deira felles interesser og medverke til at samarbeidet mellom barnehagen og foreldregruppa skaper eit godt barnehagemiljø. Foreldrerådet vel eit arbeidsutval av foreldre/føresette (FAU).

Samarbeidsutvalet (SU) skal ha representantar frå foreldre/føresette og dei tilsette i barnehagen.

Samarbeidsutvalet skal vere eit rådgivande, kontaktskapande og samordnande organ.

Alle foreldre/føresette med barn i NIB er med i foreldrerådet. NIB ønskjer at foreldrerådet vel representantar til foreldra sitt arbeidsutval (FAU). FAU skal styrast i eigen regi og må sjølv kalle inn til møte m.m.

I barnehagar med inntil 40 barn skal SU ha minimum ein foreldrerepresentant og ein tilsettrepresentant. Har barnehagen over 40 barn, skal det vere minimum to foreldrerepresentantar og to tilsettrepresentantar. Eigar blir representert ved dagleg leiar.

6 OPNINGSTIDER

Barnehagen held ope i følgjande tidsrom:

Kvardagar frå kl 07:00 til kl 16:30.

Barn skal hentast og leverast innanfor opningstidene, men likevel slik at levering helst skjer seinast 09:30. Om levering skjer etter kl. 09:30, skal avdelinga ha beskjed.

NIB har 5 årlege planleggingsdagar (rekna pr. kalenderår), der barnehagen er stengd.

7 FERIE

Barnehagen held stengt på offentlege fri- og høgtidsdagar, samt mellom jul og nyttår.

8 DUGNAD

Vi samlast inntil to gonger i året for dugnad.

9 BETALING

Foreldrebetaling skal ikkje setjast høgare enn maksimalprisen fastsett i forskrift om foreldrebetaling i barnehagar.

Det skal betalast for 11 månader i året. Juli er betalingsfri måned.

Kostpengar kjem i tillegg til foreldrebetaling. Per 1. august 2011 utgjer kostpengar kr 675 per måned. Kostpengane skal dekkje alle måltid, samt drikke og produksjon av mat. Barnehagen har eigen kokk.

Kostpengane kan justerast i forhold til ovannemnde sum dersom det skjer generell prisstigning på matvarer som gjer auke nødvendig.

Betalingsinformasjon skal helst gis via utsending av e-faktura. Eventuelle unntak skal avtalast med dagleg leiar.

10 MAT

Barnehagen serverer alle måltid med drikke kvar dag. Det skal ikkje takast med noko mat eller drikke av foreldre/føresette ved bursdagsfeiringar eller andre høve, likevel med unntak av drikke som barna kan ha med heimanfrå til turar i regi av barnehagen.

Det blir ikkje servert spesialtilpassa mat, likevel slik at det vert gjort unntak er mat for barn med matallergi dokumentert av lege. Ønskje om mattilpassingar av religiøse overtøyingar må avklarast etter nærare avtale med dagleg leiar.

11 HELSEMESSIGE FORHOLD/SJUKDOM /FRÅVÆR

Om eit barn er sjukt eller har fråvær av andre grunnar, skal NIB ha beskjed så snart som råd er. Uregelrett frammøte utan at det blir gitt melding til barnehagen kan medføre at barnet mister plassen.

Barnehagen sine smittevernsrutinar skal følgjast for å unngå smittespreiing. Sjuke barn skal haldast heime. Barn skal ha ein feberfri dag før dei kan komme tilbake i barnehagen etter sjukdom.

Dersom barnet ikkje kan vere ute eller delta i aktivitetar på lik linje med dei andre barna, skal barnet haldast heime. Dagleg leiar i barnehagen avgjer i tvilstilfelle om barnet kan vere i barnehagen.

Diaré og oppkast er svært smittsamt og barn som har diaré og/eller oppkast skal haldast heime og vere symptomfrie i 48 timar før dei kan komme tilbake i barnehagen.

Barnehagen har ikkje plikt til å medisiner barn. Om medisinering skal skje, blir dette i samsvar med prosedyrar for legemiddelhandtering som regulert i Rundskriv frå Helse- og omsorgsdepartementet og Kunnskapsdepartementet, og som er nærare innarbeidde ved rutinar for medisinering i barnehagen. Dersom det ikkje gjeld faste medisinar, skal foreldre/føresette så langt dei kan gi legemidlar utanom den tida barnet er i barnehagen.

12 ANSVAR/FORSIKRING

12.1 Generelt

NIB har ansvar for barna når dei er i barnehagen.

Levering og henting av barna er foreldre/føresette sjølv ansvarlege for. Den som leverer barnet må ikkje forlate barnet før personalet er kontakta. Barnet skal hentast av ein person som er kjend for personalet i barnehagen. Dersom barnet blir henta av ein annan person enn den som vanlegvis hentar, skal barnehagen ha beskjed frå foreldre/føresette om kven som hentar. Barnet vil ikkje bli levert til den som hentar utan at det er gitt beskjed på førehand.

Alle beskjedar som er viktige vedkomande barnet skal gis skriftleg til NIB. Beskjed skal leverast til dagleg leiar.

12.2 Erstatningsansvar

NIB har ikkje ansvar for tap som måtte oppstå som følge av at barnehagen må halde stengt på grunn av force majeure; herunder streik, bemanningsproblem, brann m.m.

NIB fråskriv seg ansvar for økonomisk tap ved tap av sko, klede, briller, vogner m.m. tilhøyrande barna i barnehagen.

13 TEIEPLIKT/OPPLYSNINGSPLIKT

Tilsette i NIB har teieplikt, jf. barnehagelova § 20.

Barnehagepersonalet har opplysningsplikt til sosialtenesta og barneverntenesta, jf. §§ 21 og 22.

14 POLITIATTEST

Den som skal arbeide i NIB må legge fram tilfredsstillande politiattest.

15 ØKONOMISKE FORHOLD

NIB skal utarbeide og sende inn søknadar om offentleg støtte til barnehagedrifta.

16 YMSE

Dersom foreldre/føresette med barn i barnehagen bryt eller lèt vere å følgje NIB sine driftsvedtekter, eller foreldrerådet sine retningslinjer/avgjerder, kan styret seie opp plassen med omgåande verknad.

Ved gjentekne tilfelle av henting av barn utanfor NIB si opningstid, vil det bli gitt eit skriftleg varsel om at barnet risikerer å miste plassen i NIB. Etter to skriftlege varsel vil barnet miste plassen i NIB med omgåande verknad.

Lover og forskrifter det er vist til i driftsvedtektene finst i fulltekst på lovdata.no.

Revidert oktober 2014